



**LINDÅS KOMMUNE**  
TEKNISK ETAT

Nordhordland Transportkontor A/L  
Kvassnesvegen 33  
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:  
02/01387-2 Knut Bjørnevoll 56 35 66 16 137/168 05.07.02

**FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM RAMMELØYVE  
2 STK. EINEBUSTADER, NAUST, KAI OG FLYTEBRYGGJE  
PER GUNNAR LITLESKARE - GNR.137 BNR.168 - ALVER**

Etter gjennomgang av søknaden, har eg følgjande merknader:

**Nabovarslinga** er litt knapp. Eg vidaresender varsel (kopi) til med 14 dagars frist frå motteke brev. Eg reknar med å handsama søknaden rundt månadsskiftet august/september.

**Vassforsyning og avløp:** Føresetnaden for tilknyting til kommunalt vassverk er at det vert lagt ny leidning med tilstrekkeleg dimensjon til området.

I arbeidet med ny plan for avløp er målet å samla kloakken til færrast mogeleg utslepp. Eg har drøfta søknaden med VAR-avdelinga, og vi er svært skeptiske til etablering av eit lite fellesanlegg berre 60 m frå eit større anlegg med felles slamavskiljar, som skal innarbeidast i planen som permanent utslepp for området. Vi vil oppmoda søker om å ta kontakt med eigarane av fellesanlegget med tanke på å kjøpa seg inn i anlegget.

Dei innsende teikningane (eg er usikker på om det er snitt, oppriss eller perspektiv) og situasjonsplanen gjev eit visst inntrykk av korleis eigedommen er tenkt utbygd, men altfor unøyaktig som grunnlag for rammeløyve. Eit rammeløyve skal vera så presist, at nabovarsel ikkje skal vera naudsynt ved søknad om igangsetjingsløyve (med mindre det vert søkt om endringar).

Det må lagast ny situasjonsplan som viser plassering av bygningar, murar osv. Denne må samsvara med målsette teikningar av bygningane (minimum 2 fasadar pluss snitt). Det skal også vera terrengprofil påført høgder på ferdig golv eller topp grunnmur.

**Kai og flytebryggje:** Det må sendast eigen søknad til Bergen og Omland havnevesen.

For bygningssjefen

Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

Kopi til: Per Gunnar Liteskare, 5914 Isdalstø

Postadresse 5914 ISDALSTØ	Besøksadresse Rådhuset	Tелефon 56 35 65 00	Telefaks 56 35 65 01	Konto 7413 05 01005 Organisasjonsnr. 935 084 733
------------------------------	---------------------------	------------------------	-------------------------	---